



17.mai-toget snur i Eikevegen på 1970-talet.

Det nærmar seg 17.mai, og den store festdagen er berre vel ei veke unna. Alle ønskjer ei flott og verdig feiring av nasjonaldagen i bygda vår. Men det gjer seg ikkje sjølv. Førebuingsarbeidet er godt i rute, men no melder styringsgruppa for dagen at dei treng meir folk til å hjelpa til i dei ulike komitèane for å gjennomføra programmet.

Silje Øye i styringsgruppa melder at dei treng folk til ulike oppgåver. Ho bed difor folk om å ta kontakt med henne på mobil 970 06 396 om dei føler at dugnadsånda kallar. Det er ikkje snakk om dei store oppgåvene, men små, positive bidrag betyr mykje.

Silje håpar på god respons, og ho trur 17.mai skal verta ein skikkeleg festdag i Uskedalen i år og.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.
Foto: Svein A. Sunde